

Sakshandsamar:

Kristin Arnestad
E-post: kristin.arnestad@sfj.no
Tlf.: 90616843

Vår ref.

Sak nr.: 19/699-41
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

30282/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 06.06.2019

Notat

Frå: Fylkesdirektør for næring

Til: Hovudutval for næring og kultur

Breibanddekning og uløyste behov - Sogn og Fjordane

Hovudutval for næring og kultur etterspurde i møte 28. mai, eit oversyn over breibanddekning og utfordringar som ikkje er løyste. Vi har dessverre ikkje fullgod oversikt over utfordringar som ikkje er løyste. Vi har ikkje tilgang til grunnlagsdata som Nkom baserer sine tal på.

I tildelinga frå Nkom er det lagt til grunn at Sogn og Fjordane har 1 191 husstandar utan minimum 10 Mbit/s breiband, og 109 husstandar med xDSL mellom 10-30 Mbit/s. I søknadsmassen vår er det oppgitt at 657 husstandar manglar eit grunnleggande tilbod (0-10 Mbit/s), og 1212 husstandar er i kategorien 10-30 Mbit/s. Det er også gjennomfør lokale målingar der det kjem fram avvik mellom Nkom sine dekningskart, og innbyggjarane sine målingar. Desse avvika har vi peika på i eige brev til Nkom.

Ut over dei søknadane vi har motteke til utlysinga i 2019 er vi kjende med at Flora, Vågsøy og Høyanger har område som det ikkje er søkt om støtte til. Truleg gjeld dette også område i fleire kommunar.